



Månadsbrev november 2020

Etter haustferien vart dei nye leikeapparata tatt i bruk med ein gong byggegjerdet var fjerna, men me hadde ei lita "opning" med snorklipping på tysdagen, og alle er glade for å ha fått flytta ut i brakkene. Mellomavisa har så langt fått inn 12 050 kroner til inntekt for TV-aksjonen. Svært godt jobba, og mange gode artiklar! Oktober blei ein travel månad med "Bruk heile dyret", markering av Verdas matvaredag, kulturell skulesekk med boka *Villaksen Salomon og den store reisen* og SN-dag med 75 år-feiring og norske verdsarvstader. 5. klasse vann Beintøft, og har nytta noko av premien til tur til Arkeologisk museum og på skøyter i Sørmarka arena.

Me held fram med smittevernreglane, med handvask og at ein må halda seg heime ved symptom på sjukdom. "Barn med rennende nese som eneste symptom, som ellers er i god allmenntilstand uten andre tegn på nyoppstått luftveisinfeksjon, behøver ikkje å holdes hjemme eller testes", skriv FHI. Meld frå til skulen snarast om karantene, testing m.m., for det skal rapporterast vidare! Blir fråværet langvarig, legg me til rette for heimeundervising.

SU og SMU er konstituert med André Karoliussen som leiar, Bjørg Hilde Fidjeland som nestleiar og Åse-Berit Fidjeland som skrivar, og skuleheftet er oppdatert på heimesida. Det var eit interessant og lærerikt kurs med Barnevakten og Ragnhild Aadnøy Jansen, og både ho og tilhøyrarane var særst nøgde med besøket!

November plar vera ein god arbeidsmånad, men litt skjer det. 1.-4. er ferdige med konferansane, medan mellomtrinnet skal ha konferansar 4. november. Elevrådet har møte 5. november og 1. desember. I år er det tid for brukarundersøking til både elevar, foreldre og lærarar. Elevundersøkinga gjev elevane i 5.-7. klasse høve til å seia kva dei meiner om læring og trivsel på skulen. Elevundersøkinga er obligatorisk om hausten. Det er frivillig for elevane å svara på Elevundersøkinga. Elevane kan starta ei undersøking, og hoppa over spørsmål dei ikkje ønskjer å svara på. Meir informasjon kjem som ranselpost. Frist for svar 23.11.20, og foreldre får e-post med passord.



Det er mørkt ute, og tid for bruk av både refleksvest og -trekk på sekken. Småskulen har meldt seg på Trygg Trafikk som reflekskonkurrans, så finn fram det som trengs! 9. november byrjar med Morgengry; høgtlesing av ei felles bok i heile Norden, og 10. får 1.-7. klasse besøk av tubaist Lars Andreas Haug og songar Camilla Susann Haug med både fin og rar musikk. *Er det fine finere enn det rare, eller kan det rare være noe av det aller fineste som finnes?* 12. november blir det BlimE-dans i 4. time.

Hugs onsdagsskule 11. og fridag fredag 13. november!

Sinnes 02.11.20, Åse-Berit (rektor)

